



WIPPERMANN
A.G.
HAGEN I. WESTF.

WIPPERMANN
A.G.
HAGEN I. WESTF.

WIPPERMANN
A.G.
HAGEN I. WESTF.

WIPPERMANN
A.G.
HAGEN I. WESTF.

Kva gjer vi med Heinkel He 115?

Konservering eller restaurering?

Frå årsskiftet 2011/2012, blei Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum konsoliderte med Jærmuseet, og Jærmuseet overtok driftsansvaret for dei to frå 01.01.2012. I mars same år starta historikar Sondre B. Hvam i stillinga som fagkonsulent for dei to musea i Sola.

Allereie i juni 2012 stod flymuseet si venneforeining for den spektakulære hevinga av Heinkel He 115 frå Hafrsfjord. Etter hevinga har ein brukt mykje tid på å planleggja og undersøka korleis flyet best kan bevarast. Gjenstandskonservator Eirik Aarebrot har vore ein viktig fagperson i dette arbeidet. Der er ulike måtar å bevare flyet på – restaurering eller konservering. Ved ei fullrestaurering vil flyet framstå som fabrikknytt. Dette vil truleg gi lengre vedlikehaldsfri levetid, men fjerna mykje av flyet sin autentisitet. Fordi Heinkelen har lege 70 år i saltvatn vil ei konservering med færrest mogeleg inngrep, krevja konstant oppfølging gjennom eit systematisk vedlikehaldsprogram.

Flyet sin haleseksjon blei reingjort, konservert og klargjort for utstilling i 2013. Totalt blei det brukt om lag 3,5 månadsverk på dette arbeidet. Eirik Aarebrot sitt arbeid utgjorde to av desse månadsverka. Dessutan bidrog Roar Henriksen frå flymuseet si venneforeining i 60 % stilling under arbeidet og Torkild Jørgensen frå venneforeininga laga bærerammene til haleseksjonen.

Roar Henriksen hadde også ei viktig rolle under hevinga av flyet. Gjennom mange år har Flyhistorisk Museum Sola vore ein kjær hobby for han, og mykje av fritida har gått med til museumsarbeid.

Denne hobbyen har gitt variert erfaring med frivillig museumsarbeid og solid grunnlag for refleksjonar rundt sentrale museumstema. Problemstillingar som restaurering eller konservering, samarbeid mellom frivillige og profesjonelle, er ein del av kvardagen i mange konsoliderte museum, og Roar Henriksen tar opp museumsspørsmål som er viktige både for lek og lærd.

Redaksjonen